

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: 21/405-3/GG

Dykkar ref.:

Dato: 12.10.2021

Høyring - forslag om unntak frå kravet om offentleg utlysing av ledige stillingar i staten

Medietilsynet viser til høyring frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 12. august 2021 med forslag til to endringar om offentleg utlysing av ledige stillingar i staten.

Medietilsynet er statens forvaltningsorgan på medieområdet. Det følger av samfunnsoppdraget for Medietilsynet at tilsynet skal medverke til å oppfylle dei overordna mediepolitiske måla om ytringsfridom og demokrati gjennom ei open og opplyst offentleg samtale, jf. Grunnlova § 100. Medietilsynet medverkar til å fremme dei mediepolitiske måla ved å legge til rette for mediemangfald og kritisk medieforståing i befolkninga.

Medietilsynet ligg under Kulturdepartementet og har i underkant av 40 tilsette.

Den første endringa som departementet foreslår, gjeld unntak for utlysing ved overgang frå mellombels til fast stilling.

Slik Medietilsynet ser det, kjem ei slik endring til å gjere rekrutteringsarbeidet enklare og mindre byråkratisk. Moglegheita for fast tilsetjing utan ny utlysing kan gjere det lettare å få godt kvalifiserte medarbeidarar i mellombels stillingar og å halde på dei. Dette er viktig for Medietilsynet.

Departementet meiner at det må vere fastsett i utlysingsteksten til mellombels stilling at det er mogleg å bli fast tilsett, og ber om høyringsinstansanes syn har på dette. Medietilsynet meiner at moglegheita for fast tilsetjing må komme fram i utlysingsteksten slik at søkargrunnlaget skal bli størst mogleg. Dersom denne moglegheita ikkje er tatt med, kan det føre til at godt kvalifiserte aktuelle kandidatar vel ikkje å søke. Ein statleg etat skal alltid ha gode rutinar ved tilsetjing, og ei vurdering av om ei mellombels stilling seinare kan bli fast, kan inngå i desse rutinane.

Den andre endringa gjeld unntak for utlysing for tilsetjing i inntil to år for personar som NAV gir mellombels lønnstilskott for. Medietilsynet er einig i forslaget frå departementet. Ordningane kan vere til stor hjelp for personar som ikkje søker eller når opp ved ordinære utlysingar. Unntak for utlysing for slike stillingar er nødvendig for at etatar i større grad skal nytte ordningane.

Medietilsynet har elles ikkje merknader til forslaga.

Med helsing

Mari Velsand
direktør

Hanne Nistad Sekkelsten
direktør for juridisk og regulatorisk avdeling

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift